

# Møtereferat

Dato: 15. juni 2022

<b>Emne:</b>	Næringsforum Vestland	
<b>Til stades:</b>	Bård Sandal, Mette Nora Sætre, Helene Frihammer, Tina Selbæk, Kathrin Jakobsen, Anne Kverneland Bogsnes, Leni Lisæter, Gisle Nondal, Bjørn Lødemel, Randi Lotsberg, Heidi Bjønnes Larsen, Christian Rekkedal	
<b>Forfall:</b>	Roger Pilskog, Marit Warncke Geir Mikalsen, Margareth Hagen, Øystein HøyvikGeir Kåre Resaland, Rigmor Fardal, Nina Broch Mathisen	<b>Sak:</b>
<b>Møtetid:</b>	Torsdag 15. juni 2022 kl 08 – 1000 1500	<b>Møtestad:</b> Teams

**Møteleiar:** Bård Sandal

**Referent:** Gisle Johanson

**Sak 18/22:** Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**Sak 19/22:** Godkjenning av referat 28. april 2022

Referat frå møte 28. april 2022 vart godkjent.

Bård Sandal informerte om at planar for møte for Næringsforum i Brussel vil verte presentert etter sommaren.

**Sak 20/22:** Status arbeidsmarknaden – perspektiv på arbeidskrafttilgangen i Vestland

Anne Kverneland Bogsnes presenterte status og perspektiv for utviklinga av arbeidskrafttilgangen i Vestland fylke. (Presentasjon er sendt ut etter møtet).

- Det er no 2000 fleire ledige stillingar enn det er arbeidssøkjjarar i fylket
- 1,6 prosent av arbeidsstokken er heilt ledige. Dette lik gjennomsnitt i Noreg
- 1/3 verksemder har meldt om problem med å rekruttere arbeidskraft

Sentrale utfordringar er å kvalifisere dei som står utanfor arbeidsmarknaden i lengre tid og å arbeide for at fleire kan stå lenger i arbeidslivet. Det vart informert om at innan helsesektoren er det 9 prosent av arbeidsstokken (10.000 personar) som har mindre enn 5 år igjen til pensjonsalder.

Det vart trekt fram at med unntak av Hyllestad kommune som har 3,7 prosent ledigheit er det elles stor mangel på arbeidskraft i heile fylket

Det vart også peika på at tid for handsaming av søknadar for å få utanlandsk arbeidskraft inn til Noreg, er svært lang. Det vart opplyst at det kan ta 4-8 månadar mot 8-10 dagar i Danmark.

### Sak 21/22: Grøn region Vestland – statsoppdatering

Kathrin Jakobsen, VLFK presenterte status for Grøn region Vestland. Det har vore gjort ein stor innsats for å synleggjere prosjektet og potensiale for grøn næringsutvikling. VLFK har og tatt del i ein nasjonal prosess med fylkeskommunane, Forskningsrådet, Siva og Innovasjon Norge der ein har utarbeidd nasjonale «missions» for verkemiddelapparatet. Dette arbeidet vil verte presentert på kommande møte i Næringsforum.

Det har vore arrangert ein samling for hub'ane i Bergen i juni. Det er gode tilbakemeldingar etter samlinga og hub'ane meldar tilbake at det er behov for kapasitet og fleire møteplassar. Ein har innleia samarbeid med Norce og BioSirkel og vil utnytte Norce sin kompetanse inn mot hub'ane.

Det vart gitt ein kort status for Havbyen Bergen og plan for Havuka i 2023. Dette vert satt på dagsorden på kommande møte.

Stortinget har i handsaminga av regjeringas energimelding satt krav om kortare tid til handsaming av kraftnettutvikling og etablering av rammevilkår for utbygging av hydrogenproduksjon. Det vart kommentert at det er viktig at Næringsforum er tett på vidare oppfølging av energipolitikken.

NHO Vestland ved Helene Frihammer kommenterte at det er naudsynt å sette søkelyset på kompetansebehov for grøn omstilling og at NHO vil invitere til ein rundebordskonferanse til hausten der tema er korleis ein skal jobbe med utsleppsreduksjonar på dei største utsleppspunkta. Temaet vil verte tatt opp att på kommande møte.

### Sak 22/22 Oppfølging Årsplan 2022

Heidi Bjønnes Larsen presenterte status for tiltak knytt til Årsplan for 2022. Ho peika på at det er godt samspel mellom Grøn Region Vestland og Årsplan. Andre viktige tiltak er innsats for å sikre næringshagane og inkubatorane i Vestland god utteljing i høve til Siva sine nye landsdekkjande program frå 2023. og pilotprosjektet for heilskapleg støtte til entreprenørar.